



Frederic Hauge kjem til Festidalen

Eit av dei nye innslaga som hadde suksess under Festidalen i fjor var næringsseminaret, og det er naturleg at det vert eit nytt seminar i år. Og ikkje nok med det: No er målsettinga å heve det endå ein divisjoin samanlikna med fjoråret. Oppstramming av tema og ein tydelegare raud tråd lovar Festidalenleiar Bjørn Olav Tveit. Temaet er arbeid med profil og omdømme, og seminaret er opne for alle. Dei 3 som skal ha innlegg er handplukka og stillar på topp med omsyn til innsikt i temaet.

Frå Bellona kjem ingen ringare enn gründer Frederic Hauge for å snakke om organisasjonen si utvikling frå terrier til trekkhund i miljøpolitikken.

Festivaleksperert Toffen Gunnufsen leiar Hovefestvalen etter

Kvartfestivalen og har ein sterk posisjon på denne fronten.

Frå Stord kjem Oddvar Hårde som vil gje tilhøyrarane eit innblikk i lokale verksemder som har gjort eit solid arbeid på dette feltet.

Programmet vil bli avslutta av ein rutinert TV-leiar og husnesing - Asbjørn Slettemark - som rundar av ein plenumsdiskusjon.

Under eit presse møte på Dønhaug i ettermiddag møtte det representantar frå hovudsponsorane DNB, Harding og Kvinnherad Elektro og uttrykte stor entusiasme 11 år etter starten av Festidalen.

Blant grunnane til deira sterke engasjement peika dei på at kultursatsing er viktig for å få tak i ny arbeidskraft og at dugnadsånda som vert formidla er vesentleg. Under eit slikt seminar møter dei også andre bedrifter og kan læra mykje.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen